

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Breim

Emne: Høgtidsmat ved familjefester

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Råd - 61 år

Gard: Råd

(adresse): Breim

G.nr. 37 Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det ønsk eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## A Födrel

1. Ja, det har vore skikk her i bygda så lenge eg kan minnast at slektningar og grammar kom med mat til sngjakona. Og den skikken held seg ennå, men i noko andre former.
2. Dei kom alltid enkeltvis. Istan so dei buidde noko langt borte, og då nytta same skyssen.
3. Nei, det vanleg var det inga avtale om kva dei skulle ha med.
4. Kanskje same dagen, som kona hadde född, eller dagen etter, koka kårkona (oftast svigermor) römegräut til sngjakona. Og sidan kom dei næraste slektningar og grammar med sngjamat framover, gjerne til opp til 14 dagar etter födselen.
5. Berre ein gang kom dei mi kvar med sngjamat.
6. Før i tida, like til 1920-30, var det alltid römegräut, og altåt ei stov kringle eller kake som dei auker hadde baka sjølve eller kjøpt hjå bakaren



2

8. Det var vanlig at i alle velordna bonde-  
heimar hadde hús mora ein særskild  
röme-graütambar som ikkje var bruka  
til anna enn å føra senggjamat i.

Denne ambaren var fin og velforma, gjerne  
mykje tilkrota med svidjarar. Ambaren  
var og kalla krefadallj. No i det siste  
er det ikkje alle som har slike ambaren,  
og dei brukar då glasskåler eller fat.

Erno er det vanlig skikk å gjiva senggj-  
mat. Kona mi har såleis sendt röme-graüt  
som senggjamat til døtrene i 1952 og 1953  
til Oslo, Bidsvoll, Stord og Fransøystrand.

9. Det vanlige namnet her er senggjamat.

10. Ja, det var og er kona eller gamlekona  
som gjikk med senggjamat.

11. Nei, mannen var ikkje med til vanlig,  
ikkje utan so han skulle vera med  
og skyssa kona og det var noko lang  
veg

12. Ja, det var vanlig at sendingsfolket vart  
traktet med kaffe og mat. Det var ingen  
skilnad på om det var gut eller jente.

13. Eg veit ikkje om noko reis namn

14. Nei, det var ikkje vanlig med noko  
"kone-måltid". Men alle som kom med  
senggjamat <sup>ingeni og konge</sup> vart bedde i barnsølet når  
barnet vart døypt

15. Nei, dei aller namaste slektningane gjikk  
og til òngifte mødre, men ikkje andre.

16. Erno er graüt vanlig senggjamat, men  
sanne kjem no med blötkaker og anna  
bakverk og frukt.

17. Nei, det har ikkje vore vanlig med noko  
gäve til barnet då.



19. Ja, det har vore vanleg <sup>med</sup> dåpsgjestedod eller barnsöl. Det var fyrst og fremst fadderane som var med, dimast dei som kom med senggjamat. Det fyrste eg kan minnst, kring 1900, var det vanleg at alle som hadde lang veg til kyrkja, heldt barnsöl ved kyrkja straks etter preika når barnet var døypt. Ein hadde då med seg påsmurt mat: lifse med gambe, pannkakor (svelle) og påsmurde skiver av annsbröd, og så kaffe. Ja, ei tid hadde ein og med eit anker heimebyggja öl.
20. Ja, dåpselskapet kalla vi barnsöl.
21. Kvi det var ikkje vanleg med sending til barnsöl.
22. No er alltid barnsöla heime. Inga sending, og heller ikkje brukar ein heimebyggja öl i barnsöla lenger.
23. Det var gamal skikk at mannen byggja sterkt maltöl til den tid kona venta seg i barseng, og gjerne måtte han ha ei flaske brennevin ståande og. Det var vanleg tui at fødselen gjekk lettare når kona drakk noko varmt, sterkt öl når ho fekk fødselsveeni. Sameis skulle det hjelpe for barselsfeber og andre etterjuktningar når ein drakk noko "sterkt" kvar dag eller fødselen. Så seint som i 1919, då kona mi fekk det første barnet, ville far min giut byggja sterkt maltöl til senggjaliga. Han fortalde at han byggja öl til kvar gong kona hans skulle föda. Han tündde det var ei god dokleråd. Det var og hadde vore vanleg overalt i bygda



Men både kona og eg var avholdsfolke, og elles hadde <sup>vi</sup> ikkje noko trû på karkje öl eller brennevin som medisin. No er den skikken heilt borte.

### B Fødselsdag.

Det har ikkje vore vanleg her å høglida fødselsdag karkje for born eller eldre. Berre i særskilde høve som 50-70-75- og 80 årsdag kan ein samla slekt og vner til festleg samløse.

### C Konfirmasjon.

Konfirmasjonsgilde har heller ikkje vore vanleg. Berre i einstilte høve som for ein barn har det vore fest då.

### D Bryllaup.

36. Jau, før i tida var det vanleg med brudegild. Omtale var det dette gjestebudet kalla. Det var berre foreldra og syskena til dei brudegild som var med. Dei samrædde seg då om bryllaupet, kva tid det skulle vera, kor lenge det skulle vara, kor mykje som skulle byggjast og bakast til laget, og kven som skulle bedast som gjester.

Frå omlag 1930 har det vorte min sjeldan med omtale, og so er det heilt stilt.

38. Før 1890-1900 var det vanleg med 4-5 dags bryllaup. Seinare framover til omlag 1930 var det 3 dagers bryllaup. No held sume 2 dagers bryllaup og stundom berre 1 dag. 4-5 dagers bryllaup hadde kvar dag sitt namn: 1. Første bryllaupsafta kom brura, foreldra og syskena henna, derutan



5

Kjögemister, kjellarmann og kakkav. Når det var gardagüter som gifta seg stod alltid bryllaupet i heimen hans.

2. Andre bryllaupsafta. Då kom dei andre gjestene.

3. Bruradagen, 4 Skåldagen, 5 Fyrste fridagen og 5. siste fridagen. Fyrste fridagen riste dei fleste gjestene heime, men dei aller namaste slektningane vart gjerne til andre fridagen.

Mat: 2. den bryllaupsafta om kvelden var det i eldre tid vanleg med komparar og (raspeballar) og kokt kyggjekjöt med flöt til. (Flöt er feittet som kjem er feitt kjöt når det vert kokt. - Komparane vart servert i store trefat med kjöt på kantane og ei skål med flöt i midten. Til talerkar brukte ein flate, dreia treborstkar (bord-diskar). Knivar hadde gjestene med sjølve. Det var helst slagknivar med messing skaft. Gøflar var ikkje kome i bruk. Ein brukte fingrane.

Bruradagen var det helst fisk med smør, poteter og mjukt fint flattbröd med süpa til. - Skåldagen var det komparar og kjöt til frukost, leivningar frå bryllaupsafta. Til middag var det så rømegraut. Når så den 5. var ferdig vart borda rydja og kjögemistaren kom med eit stort trefat eller skål. Så vart det skjenka dram og vettfolk og gjester "gav i skåla". Disse bryllaupsgåvene kunne variera frå 1 olt eller 2 og opp til 4-5 dalar.

Andre matrettar som vart mykje nytta var dravle og gaurbe. Dravle



var m. o. a. brüna til frukost brüradagen.  
 ðellis var det vanleg at vertane fóu rúndt  
 i flakengane og skjunkte morgandram.  
 og brüþikume og bisveinane var rúndt  
 "márábisk", lefse og gamba.

Frá eg var smágút lúgsav eg dei snakka  
 om langedansin, det var anten skáldagen  
 eller 1<sup>ste</sup> fúdagur. ðllu rom eg skyna det  
 var det eit slags tog med spelermenn, kjámeistar  
 og brüdefolk fóre og sí alle gjestene i  
 eit langt tog eftir.

39. Sending. Í 3-4-5 dagars brüllaup var det  
 heilt vanleg med sending, korg var det  
 kalla her, fordi sendinga alltid var bora  
 i ei stor rose mala korg. Eg har umro  
 brüllaupskorga til mor med árstal 1886.

Í korga mátte vera: 10-12 lefser, smörkanna  
 ca 2 kg., gambefat, ein mjötkost og eit náute  
 lár eller ein smalerugg. Smörkanna var  
 gjerne mykje forseig gjord, tilkúta og med  
 hög stítt og fint lok og gjerne namn til  
 hús mora þá. Det var ei stor dra á fá  
 smörkanna sí plassert övst þá langbordit.

43. Det var alltid hús mora som leverte inn sendinga

46. Det var vertimene som laga til heimatt-  
 sendinga.

47. Já, umro vert det halde 2 dagars brüllaup  
 med 2-300 gjestur.

48. Ein sv síme held no brüllaup þá hotel  
 og síme reiser til byen og held brüllaup  
 der.

50. No er det helst brüktsting og þyrnads-  
 ting ein kjáru og gjer i brüllaups-  
 þyrnanger.

57. Det er ikkje vanleg á halda fest í þá





årsdagen for <sup>IV</sup>bryllaupet, anna ein sølv-  
og gullbryllaup.

### E. Gravøl

52. Det var nær slektningar og grammar  
som var bedde i gravøla
53. For varke gravøla i 2 dagar. No i /dag.
54. Mallida var onlag di same som ved  
bryllaupa. 4 king 1805 slutta sin med  
å ha heimebyggja öl ved gravferden,  
og frå same tid har gravøla vart  
berre /dag. Ein brukte langbord.
55. Nei
56. Nei
57. Begravelsen vart haldne heime
58. Medan det var gravøl som varte i  
to dagar hadde gjestene sending med  
onlag som i bryllaup, men nokre  
mindre av kvart sort. Husmora bar  
sendinga med seg
59. Ukjendt
60. Nei
61. Ukjendt
62. Osungangen frå 2 lit /dags gravøl  
kann litt eller kvart
63. Etter ein slutta med heimebyggja öl  
har det ikkje vore bruka alkohol  
i gravøl. Det var helst prestane som  
arbeidde mykje for det å få drikk og  
fyll bort frå gravferdene
64. Nei, skikken med heimebygging og  
sending heldt seg lengst ved bryllaup.
65. No er det slik: flokost: kaffe, skiver,  
lefses, gamber og mange slags pålegg



8  
66. Nei alkohol vert ikkje brukk i gravöl  
no.

67. Ja, det hender stundom, men er ikkje  
vanleg.

68. Det er ikkje vanleg at å be gjestene ved  
skriftleg innbyring utan dei blir noko  
lenger borte. Grannar og slektningar  
som blir nær får munnleg innbyring.

69. Det er ikkje alle som kunnagjeing i  
blada om dødsfall

### E Nye festar.

70. Nei, det har ikkje vorte noko tradi-  
sjon om mat til 17. mai.

71. Det er ungdomslaga i bygda som  
har gått i brodden med feiring av  
morsdagen. Dei skipar til fest i ungdoms-  
husa, og bed faddra inn som gjester.  
Programma er: taler og dikt for mor,  
handskrive blad, skjtsar eller skodespel  
og mat.

72. Farsdagen er enno lite feira, det vert  
helst sløse saman med morsdagen, da  
far og vert innbedd til festen.

73. Nei, noko visse rettar eller tilstelling  
er det ikkje.

74. Nei, det er heimelaga mat som gjentake  
like med som vert nytta.

75. Og hie helst morsdagen vert kjend  
ald at Noregs ungdomslag sende melding  
til lokallaga og bad dei skipa til  
faddarfest den dagen.